



SAKSFRAMLEGG

Gratis buss for barn og unge i Gulen

Utvalssak	Utval	Møtedato
4/24	Ungdomsråd (UNG)	11.03.2024
10/24	Hovudutval for oppvekst og kultur (HOP)	11.03.2024
23/2024	Kommunestyret (KS)	12.04.2024

Bakgrunn for saka

Kommunestyrevedtak frå 07.12.23:

Rolf-Daniel Midtun (Senterpartiet) Forslag:

Gratis buss for ungdom under 18 år i Gulen. Gulen Sp ynskjer ei prøveordning i 2024 der ungdom kan nytte bussrutene i kommunen gratis. Dette vil stimulere til å knyte bygdene våre tettare saman, og gjere det lettare for fleire unge å besøkje vener, skape møtestader, delta på fritidsaktiviteter osv., òg i andre bygder. Det er fire bussruter i kommunen utanom skulerutene pr. i dag. Det er begrensa, men samstundes mogleg å benytte seg av desse, viss ein set seg inn i når bussane faktisk går. Skuleruta kan òg vere aktuell å benytte ein av vegane. Administrasjonen vert beden om å sjå på korleis dette skal gjerast i praksis. Kostnaden ved dette skal dekkast av fond.

For forslaget stemte 21: Arve Neset Nerdal (AP), Bjarte Undertun (AP), Margrethe Thune Trædal (AP), May-Lynn Osland (AP), Bjørg Johanne H. Haveland (H), Bjørn Brekke (H), Irene Perly Kjelby Wergeland (H), Kristin Kvamme Rasch (H), Mina Catrin Dahl Andreassen (H), Severin Rokne (H), Øyvind Bøe (H), Bente Hauge (KrF), Ingolf Wergeland (KrF), Beate Haugland (SP), Helge Pedersen (SP), Ingrid Haugan (SP), Linda Oppedal (SP), Nils Inge Ynnesdal (SP), Oliver Haveland (SP), Rolf-Daniel Midtun (SP), Andrine Sleire Tistel (V)


Med dette er forslaget vedteke.

Saksvurdering og konklusjon

Administrasjonen har hatt dialog med Skysst for å finne moglege praktiske løysingar. Dialogen resulterte i tre løysingsforslag. Skysst legg dette til grunn for løysingane:

- Det skal brukast eksisterande løysingar, billetter, prisar og prosesser
- Gjeld reiser i sone G (egne billetter gyldig berre i Gulen kommune vil ikkje kunne nyttast)*
- Gjeld i praksis barnebilletter mellom 6 og 17 år (alle under 6 år reiser gratis)
- Løysinga skal også kunne brukast dersom andre kommunar ønsker tilsvarande
- Søknader om skoleskysst må fortsette som i dag for ikkje å gi utilsikta konsekvensar for heilskapleg kapasitetsplanlegging (inkluderer båt, ferje, drosje og privatskysst i tillegg til buss). Det er ikkje mogleg for avrekning mtp. skoleskysst.
- Ingen konsekvensar for kapasitet ved auka bruk av busstilbodet i kommunen

*Sone G: Masfjorden, Gulen og sørsida av Høyanger kommune.



Løysingsforsla frå Skysst:

- 1. Kvar ungdom legg sjølv ut og får refundert frå Gulen kommune**
 - Ungdom kan kjøpe alle typar billetter via Skysst sine kjøpskanalar (mobilappen Skysst Billett, Skysst nettbutikk og om bord i bussane)
 - Kommunen organiserer refusjon av kjøpte billetter
 - Vil være administrativt krevjande for kommunen
- 2. I Skysst nettbutikk kan Gulen kommune lage brukar(ar) og kjøpe billetter til den kvar enkelte ungdom**
 - Løysingen er ikkje utvikla for formålet og vil ikkje være egna for meir enn 15-20 billetter per brukar

- Vil være administrativt krevjande for kommunen, spesielt sidan det er behov for skysskort ved kjøp av periodebilletter
 - Anbefalast ikkje som hovudløysing
- 3. Gulen kommune bruker løysinga for bedrifter og organisasjonar**
- Ungdom kan då kjøpe billetter i mobilappen Skyss Billett eller i Skyss nettbutikk og velgje bedriftskonto som betalingsmåte
 - Kommunen fakturerast kvar månad
 - Løysinga tar per i dag ikkje høgde for brukarar utan tilgang til smarttelefon eller PC, og det må evt. løysast med 1 el. 2 avhengig av omfang
 - Løysinga anbefalast

Kommunedirektøren støttar anbefalinga frå Skyss. Av dei tre skisserte løysingane er det den einaste som er realistisk ut frå ressursane som krevst til administrasjon. Viss alle barn og unge i målgruppa kjøper periodebilletter i løysing nummer tre vert kostnadsoverslaget for eitt år slik:

180-dagarsbillett - Ei sone: 1960 kr

Tal barn og unge i målgruppa er om lag 250

Estimert kostnad for eit år vert då kr 980 000.

For 2024 frå og med mai vert summen då kr 570 000.

Barn og unge vil òg kunne kjøpe enkeltbilletter gjennom løysingsforslag nummer 3. Kostnadsoverslag med utgangspunkt i enkeltbilletter:

Enkeltbillett - Ei sone: 22 kr

Tal barn og unge i målgruppa er om lag 250

Overslaget tar utgangspunkt i to turar per veke per person

Estimert kostnad for eit år vert då kr 572 000.

For 2024 frå og med mai vert summen då kr 332 500.

Kommunen kan stenge/opne for kva typar billetter det er mogleg å kjøpe i løysing nummer 3. Billetter kan kjøpast både i app, for dei som har smarttelefon, eller i Skyss sin nettbutikk. Ved kjøp i nettbutikk vert reisebeviset enten Skysskortet til det enkelte barnet, eller at ein skriv ut billettkjøpet (sistnemnde gjeld berre for enkeltbillett).

Problemstillingar:

Administrasjonen som har tilgang til nettportalen (ein eller fleire tilsette i kommunen) kan sjå stad for reise, tidspunkt og kor mange billetter som er kjøpt av kven. Dette må kome fram i samtykke i bruk av løysinga, samt registrering av namn, e-post og mobilnummer.

Kommunen må sjølv sørge for at ungdom blir meldt inn og ut av ordninga. Ungdom som ikkje blir meldt ut kan fortsette å kjøpe billetter på kommunens rekning etter fylte 18 år inntil kommunen melder dei ut.

Kommunedirektøren si innstilling til vedtak
Saka vert lagt fram utan innstilling til vedtak.

Vedlegg

- 1 2024 0131 Gratis reiser for ungdom under 18 år - Gulen kommune.pdf